



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato
30.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2009/3176 432.1
Dykkar referanse

Adresseliste

Godkjent forvaltingsplan for Heltveit-Bjørge naturreservat

Fylkesmannen i Hordaland har godkjent forvaltingsplanen for Heltveit-Bjørge naturreservat i Lindås kommune. Planen inneholder mellom anna ei naturfagleg skildring, oversikt over kjente brukarinteresser og mål for forvalting av området.

Vårt nyaste naturreservat

Heltveit-Bjørge naturreservat i Lindås kommune vart oppretta ved kongeleg resolusjon i februar i år. Verneområdet er det første i Hordaland som er blitt til gjennom ein prosess med frivillig vern. Denne arbeidsmåten byggjer på samarbeid mellom grunneigarar, skogorganisasjonar og forvaltinga.

Temperert regnskog og sjeldne lav

Naturreservatet er oppretta for å ta vare på eit område med mange naturkvalitetar som er relativt sjeldne i Nordhordland. Kombinasjonen av næringsrik berggrunn, mykje nedbør og mildt klima gjer at vi finn både edellauvskog og lavartar som er karakteristiske for temperert regnskog i området.

Forvaltingsplanen

Forvaltingsplanen var på høyring samstundes som verneforskrifta våren 2013. Vi fekk innspel til planen frå Statens landbruksforvalting (no Landbruksdirektoratet), Hordaland fylkeskommune, Norsk ornitologisk foreining og Bergen turlag. Ingen av innspela føreslo vesentlege endringar i planen og Fylkesmannen i Hordaland har no godkjent planen utan større endringar. Planen inneholder mellom anna naturfagleg skildring av området, oversikt over kjente brukarinteresser og mål for forvalting av området.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg
rådgjevar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Mottakarar

Anna Ekanger Heltveit	Eidavegen 552	5993 OSTEREIDET
BKK	Postboks 7050	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 Bergen
Ivar Heltveit	Våkleivbrotet 62	5155 BØNES
Laila Bjørge	Bjørge 210	5993 OSTEREIDET
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914 ISDALSTØ
Miljødirektoratet	PB 5672 Sluppen	7485 TRONDHEIM